

Kleppe-Maret

Ho Kleppe-Maret frå Kleppeskaret
hev gard med hus på og ku og sau.
Og hest på stallen og geit på tallen,
og litt på bankboki hev ho au.

Og Kleppe-Maret frå Kleppeskaret
ho hve ein friar på kvar ein fing.
For åta lokkar, so store flokkar,
på friarføter til Kleppe spring.

Der spring no Mass'en frå Myra-plassen,
som handlar hestar og berekyr.
Og Rasmus bakar, og Per skomakar
som skafteøvlar og springskor syr.

Og når det lider til nattetider
då freistar alle si lukka der.
Dei smett og smyger og lure lyger
men alle saman kjem like nær.

For Kleppe-Maret frå Kleppeskaret
ho elsker presten i Fresvik gjeld
Ho kann kje få han, og tenkjer på han
med sorg og saknad kvar enda kveld.